



DET KONGELEGE FORNYINGS-,  
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Statsråden

Direktoratet for forvaltning og IKT  
Postboks 8115 Dep.  
0032 OSLO

Dykkar referanse

Vår referanse  
200903169-/STK

Dato  
6. jan. 2010

## Statsbudsjettet 2010. Tildelingsbrev til Difi

1.	Innleiing.....	2
2.	Formål, utfordringar og risiko.....	2
3.	Hovudmål og styringsparameter.....	4
	Hovudmål 1: Ei betre organisert, brukarretta og effektiv statsforvaltning.....	4
	Hovudmål 2: Kompetente leiarar og medarbeidarar i staten.....	5
	Hovudmål 3: Koordinert, brukarretta og kostnadseffektiv bruk av IKT i offentleg sektor.....	7
	Hovudmål 4: Etablere og drive ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor.....	8
	Hovudmål 5: Samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp.....	8
4.	Rapportering i 2010.....	11
5.	Administrative føresetnader mv. ....	12
6.	Budsjetttildeling.....	14

Vedlegg:

Vedlegg 1: Budsjettfullmakter og administrative fullmakter

Vedlegg 2: Styringskalender 2010

## **1. Innleiing**

I dette tildelingsbrevet melder Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet om budsjettvedtaket til Stortinget og departementet si styring av Direktoratet for forvaltning og IKT i 2010, jf. Prop. 1 S (2009-2010) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Innst. 13 S (2009-2010) frå Transport- og kommunikasjonskomiteen.

I tillegg til faste møte vil følgjande hovuddokument utgjere styringsdialogen mellom departementet og direktoratet:

- Tildelingsbrevet
- Direktoratet sin halvårsrapport
- Direktoratet sin årsrapport
- Departementet sine referat frå etatsstyringsmøta
- Departementet si resultatvurdering av etaten

Departementet legg stor vekt på eit nært og godt fagleg samarbeid mellom direktoratet og fagavdelingane i departementet. Alle instruksar til direktoratet og pålegg om å utføre oppdrag skal skje skriftleg og vere underskrivne av den ekspedisjonssjefen som har ansvaret for etatsstyringa av direktoratet.

Tildelingsbrevet er styrande for direktoratet. Endringar i politiske prioriteringar eller andre tilhøve gjennom året kan føre til at det kjem saker i tillegg til dei som følgjer av dette tildelingsbrevet. Direktoratet må derfor ha tilstrekkeleg fleksibilitet til på relativt kort varsel, innafor budsjett og personalmessige rammer, å prioritere nye oppgåver som departementet gir.

## **2. Formål, utfordringar og risiko**

### **2.1 Formål**

Verksemda til direktoratet skal føre til at statsforvaltninga er kjenneteikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad, og til at ho er godt og målretta organisert og leia. Det er eit mål at forvaltninga tar i bruk Difi sine kunnskapar, verkemiddel og verktøy i utviklinga av ein betre og meir effektiv offentleg sektor.

Direktoratet skal utføre oppgåver for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet og for andre departement og underliggjande verksemder. Direktoratet skal òg på eige initiativ ta opp problemstillingar som gjeld forvaltninga.

Ved val av eigeninitierte aktivitetar og oppgåver for andre departement eller etatar skal direktoratet prioritere oppgåver som er viktige for etaten sine overordna mål og som er tverrgåande eller har stor overføringsverdi til andre i forvaltninga. I hovudsak skal Difi

berre ta på seg oppgåver frå andre statlege aktørar der direktoratet har betre kompetanse og føresetnader for å løyse oppgåva enn andre.

Departementet ønskjer eit offensivt Difi som både gir innspel til politikkkutforming og som bidrar til gode resultat når vedteken politikk vert sett i verk. Med utgangspunkt i statusoversikter, analysar o.a. skal Difi innafor sine saksfelt gi råd og innspel til departementet si politikkkutforming. Om direktoratet kjem fram til at det trengst endringar i innrettinga av oppdrag frå departementet, skal direktoratet avklare dette med departementet. Direktoratet skal samarbeide med Senter for statleg økonomistyring slik at arbeidsdelinga mellom SSØ og Difi er tydeleg for omverda og parallelle tilbod ikkje oppstår.

Direktoratet skal drive aktiv formidling av eigne analysar, undersøkingar og kunnskap for slik å stimulere til det offentlege ordskiftet om fornying og omstilling. Direktoratet skal gjere prosjekt, kurstilbod og andre aktivitetar kjende for målgruppene på ein effektiv og egna måte.

## **2.2 utfordringar**

Difi er ei nyleg etablert verksemd der dei organisatoriske einingane som gikk inn i etaten, hadde ulik tilknytingsform, styringssystem mv. Samstundes har etaten fått krevjande nye oppgåver og monalege aukingar i budsjettet. I et 2-3 års perspektiv ser departementet det som svært viktig at direktoratet prioriterer prosjekta sine slik at dei har stor gjennomslagskraft og overføringsverde for ei samla forvaltning. Ei av utfordringane vil vere å sikre riktig kompetanse, fagleg tyngd og effektive arbeidsformer. Det vil også vere viktig at Difi rettar merksemda mot relativt omfattande oppgåver av driftsprega karakter og dei nye driftsoppgåvene som følgjer av avslutta prosjekt.

## **2.3 Risiko**

Direktoratet skal vurdere risiko som ledd i den interne styringa, jf. krav i Økonomiregelverket. Arbeid med strategiplanar og større utviklingstiltak i etaten skal byggje på risikovurderingar. Om direktoratet kjem fram til at risikobiletet har endra seg vesentleg, skal direktoratet varsle departementet så raskt som mogleg.

Risikovurderingar skal elles integrerast i etatsstyringsdialogen etter følgjande retningslinjer:

Difi skal gjennomføre årlege risikovurderingar på overordna nivå. Direktoratet skal sende desse vurderingane til departementet etter at prosessen med verksemdsplanlegginga er avslutta i direktoratet. Direktoratet skal oppdatere risikovurderingane på overordna nivå i samband med halvårsrapporten. Desse skal følgje halvårsrapporten som vedlegg og vere departementet i hende før departementet startar arbeidet med tildelingsbrevet. Vurdering av høg risiko skal inkludere ein omtale av risikoreducerande tiltak. Endring i risikovurderinga og risikobiletet skal vere fast tema i styringsdialogen.

Internkontroll omfattar tiltak og metodar som verksemda gjennomfører for å førebyggje styringssvikt, feil eller manglar. Gjennomføring av effektiv internkontroll står sentralt i oppfølginga av gjeldande økonomiregelverk. Departementet legg til grunn at Difi har ein effektiv og forsvarleg internkontroll. Departementet ber Difi om å melde ifrå i årsrapporten om direktoratet har avdekt vesentlege lyte, feil eller manglar i internkontrollopplegget, og kva for utbetringsiltak som eventuelt er sette i verk.

## 2.4 Samisk språk og samiske brukarar

I St.meld. nr. 28 (2007-2008) Samepolitikken legg regjeringa særleg vekt på "kvardagspolitikken", det vil seie den praktiske integreringa av samiske omsyn i politikktutforminga og tiltak på alle samfunnsområde og forvaltningsnivå. Brukarretting og den samiske brukar sitt møte med offentleg forvaltning vil vere sentrale element i dette arbeidet. Det er eit mål å auke det offentlege sitt tilbod på samisk, mellom anna ved å styrke den samiskspråklege og kulturelle kompetansen innanfor offentlege verksemdar, auke informasjonen på samisk til samiske brukarar, og i større grad gjere det mogleg å bruke samisk i IKT-samanheng, slik som i offentlege register. Det er viktig at Difi er merksam på dette, særleg når det gjeld brukarretting og kommunikasjon.

## 3. HOVUDMÅL OG STYRINGSPARAMETER

### 3.1 Hovudmål

Hovudmåla for Direktoratet for forvaltning og IKT i 2010 er:

1. Ei betre organisert, brukarretta og effektiv statsforvaltning
2. Kompetente leiarar og medarbeidarar i staten
3. Koordinert, brukarretta og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor
4. Ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor
5. Samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp

#### ***Hovudmål 1: Ei betre organisert, brukarretta og effektiv statsforvaltning***

For at offentleg sektor skal kunne løyse sine oppgåver effektivt og godt, er det nødvendig å ha god kunnskap om organisering, leiing, omstillingsprosessar, alternative arbeidsformer og andre verkemiddel for fornying og effektivisering av statsforvaltninga. Difi vil ha ei særleg oppgåve i å utvikle, systematisere og formidle kunnskap og gi råd og rettleiing på dette området.

Difi skal arbeide for ei meir brukarretta forvaltning og ei forvaltning som legg til rette for auka deltaking. Difi vil få ansvaret for å forvalte den statlege kommunikasjonspolitikken.

### Prioriterte oppgåver i 2010:

- a) hjelpe departement og underliggjande verksemder i organisering og anna utviklingsarbeid, systematisere og formidle kunnskap om (om)organisering og gi råd og rettleiing i tråd med organisasjonsprinsippa som er trekte opp i St.meld. nr. 19 (2008-2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*. Difi skal hjelpe FAD i å utarbeide rettleiar i organisering
- b) gjennomføre områdegjennomgangar i offentleg sektor, gjerne med vekt på effektivitet og kvalitet og der det er viktig å overføre erfaringar til andre delar av forvaltninga
- c) gjennomføre del to av innbyggjarundersøkinga og gi råd til departement og underliggjande verksemder i oppfølginga av undersøkinga. Direktoratet skal leggje til rette for utveksling av erfaringar om kvalitet i slike undersøkingar
- d) gi råd om metodar og verkemiddel som kan bidra til betre brukarretting og brukarmedverknad
- e) med utgangspunkt i staten sin kommunikasjonspolitikk gjere den nye politikken kjend, ta han i bruk for eigen del samt følgje opp forvaltningas bruk av interaktive verktøy på nett ("sosiale medium") og prøve dei ut på Difis innbyggjarretta tenester
- f) følgje opp prosjektet "Klart språk i staten" i samsvar med prosjektplanen
- g) forvalte den offentlege elektroniske postjournalen (OEP) og støtte dei statlege verksemdene som skal ta tenesta i bruk
- h) forvalte og utvikle portalane Noreg.no og Miside og gi innbyggjarane og næringslivet rettleiing om bruk av tenestene
- i) i samråd med departementet avklare korleis Difi skal følgje opp punktet i Innovasjonsmeldinga om insentiv og hindringar for fornying av offentleg sektor
- j) kartlegge korleis forvaltninga etterlever krava i Utgreiingsinstruksen, og vurdere korleis ho eventuelt betre kan følgje intensjonane i han
- k) delta i departementet sitt arbeid med å sjå på virkemiddelbruk overfor statlige sektorselskap

*Styringsparametrar hovudmål 1: Talet på prosjekt; oppdragsbaserte og eigenininitierte og Difi si vurdering av oppdraga sin generelle relevans for forvaltninga. Ventetid i svartenesta og talet på førespurnader. Talet på påloggingar via MinID per månad og tal på unike brukarar av Miside pr månad. Delen av offentlege nettstader med høg kvalitet. Oppetid på publikumsretta system.*

### ***Hovudmål 2: Kompetente leiarar og medarbeidarar i staten***

Det er eit mål å styrkje kompetansen og leiarskapen og å utvikle leiarar og medarbeidarar i forvaltninga. Difi skal arbeide for at kompetanseutviklinga i statlege verksemder vert målretta og effektiv, og støtte departementa og verksemdene i arbeidet deira med dette.

Direktoratet skal ha eit godt tilbod av felles kurs- og kompetansetiltak. Tiltaka skal byggje på forvaltningsverdiane, og gi kunnskap som gjer leiarar og medarbeidarar rusta til å møte ei forvaltning i rask endring.

Direktoratet skal utfordre etablert praksis og trekkje fram døme på nye arbeidsformer og metodar for kompetanseutvikling.

Difi skal i samarbeid med kompetansemiljø i og utafør forvaltninga vere det sentrale fagmiljøet på leiing i staten. Tilbodet til leiarane skal både styrkje leiarskapen i staten og den individuelle dugleiken.

#### Prioriterte oppgåver i 2010:

- a) levere framlegg til ein strategi for statleg kompetanseutvikling innafor Difis saksfelt som er godt avstemt mot SSØ sine aktivitetar mot kompetanseutvikling. Når strategien er godkjend i departementet, skal Difi arbeide vidare med å sette han i verk
- b) arbeide vidare med å utvikle ein felles infrastruktur for e-læring i staten
- c) tilby e-læringsprogram, mellom anna opplæringsprogram for nytilsette i staten
- d) etablere og vidareutvikle tiltak som skal vere retta mot nye og røynde leiarar (LeiarSats), og bidra til å realisere plattformar for leiing i staten og intensjonane i St.meld. nr. 19 (2008-2009). Direktoratet skal òg utvikle tiltak for å stimulere til at fleire kvinnelege mellomleiarar søker toppleiarstillingar
- e) arrangere Toppleiarkonferansen våren 2010 i samarbeid med departementet og SSØ
- f) utvikle nye og vidareutvikle tiltak for å auke den internasjonale kompetansen i forvaltninga i samarbeid med brukarane
- g) rapportere resultatane frå medarbeidarundersøkinga hausten 2009 og identifisere område som krev særleg merksemd
- h) tilby verktøy for medarbeidarundersøkingar i statlege verksemdar og støtte verksemdar som vil gjennomføre slike undersøkingar
- i) arbeide for auka mangfald og inkludering i staten ved å utvikle verkemiddel og verktøy for mangfaldsleiing, og formidle erfaringar frå kvoteringsforsøket for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn.
- j) gjennomføre eit traineeprogram i departement og underliggjande verksemdar for personar med nedsett funksjonsevne
- k) slutføre fordelinga av dei tariffavsette kompetansemidla frå inneverande tariffperiode og leggje til rette kartlegging og spreiding av gode prosjekt og erfaringar frå bruken av kompetansemidla. Ta høgde for at det òg kan verte avsett midlar i det komande oppgjeret.

*Styringsparametrar hovudmål 2: Type kompetansetiltak, kva for målgrupper (deltakarar og verksemdar) som er nådde, tema og problemstillingar som er dekte og vurdering av relevans og nytte, også basert på eksterne tilbakemeldingar.*

### ***Hovudmål 3: Koordinert, brukarretta og kostnadseffektiv bruk av IKT i offentleg sektor***

Det er eit mål at bruk av IKT skal medverke til ein meir effektiv offentleg sektor og betre tenester til innbyggjarar og næringsliv. Kvar enkelt offentleg verksemd har hovudansvaret for dette, men det er òg ein føresetnad med sterkare samordning og styring av IKT-utviklinga, jf. St.meld. nr.17 (2006-2007) *Eit informasjonsamfunn for alle*. Difi skal spele ei sentral rolle i dette arbeidet og leggje til rette for bruk av felleskomponentar og effektiv elektronisk samhandling mellom ulike delar av forvaltninga og mellom forvaltninga og innbyggjarar og næringsliv.

#### Prioriterte oppgåver i 2010:

- a) forvalte felles arkitekturprinsipp og programmet for felleskomponentar i forvaltninga. Difi skal identifisere eksisterande og nye felleskomponentar, utarbeide krav til dei som forvaltar felleskomponentar og utarbeide eit grunnlag for at departementet kan avgjere ansvar, prioritering og finansiering av framtidige felleskomponentar
- b) greie ut ei løysning for meldingsutveksling mellom forvaltninga og innbyggjar/næringsliv (felles elektronisk postkasse)
- c) lage forslag til ein strategi for bruk av metadata i offentleg sektor og oversende han til departementet
- d) i samråd med departementet vidareutvikle krav og rutinar til planlegginga av IKT-investeringar i staten, her òg vurdere opplegg for mindre investeringar, jf rundskriv P 4/2009
- e) tilby eit rettleiingsopplegg til offentlege verksemdar som skal bidra til betre planlegging og samordning av IKT-prosjekt, forvalte og vidareutvikle referanse katalogen over forvaltningsstandardar
- f) etablere nødvendige funksjonar for at direktoratet frå 2011 skal føre tilsyn med krava til universell utforming av IKT-løysingar, jf. diskriminerings- og tilgjengelova
- g) lage forslag til forskrift om universell utforming av IKT- retta mot allmenta, og sende henne til departementet
- h) arbeide for å styrkje informasjonstryggleiken i forvaltninga. Difi skal utarbeide ei strategisk vurdering av formålseffektive virkemiddel for direktoratet i dette arbeidet i 2010 og åra som kjem. Vurderinga skal sendast departementet i 1 kvartal 2010
- i) forvalte Kravspesifikasjon for PKI og rammeverket for autentisering, mellom anna utarbeide forslag til forvaltningsrutinar og revisjonsplanar
- j) Støtte opp under norsk deltaking i det internasjonale IKT-samarbeidet, mellom anna vere nasjonalt kontaktpunkt for EU-programma CIP-ICT og IDABC/ISA, samt forvalte det nasjonale kommunikasjonsnettverket sTesta. Arbeidet skal gjerast innafør dei rammene som til ei kvar tid gjeld for norsk deltaking i desse programma.

*Styringsparametrar hovudmål 3: Gi ei vurdering av Difi sitt bidrag til å oppnå hovudmål 3. Offentleg sektor sin kjennskap til arkitekturprinsippa. Offentleg sektor sin kjennskap til referanse katalogen. Talet på offentlege verksemder som nyttar det nasjonale sTesla. Tale på søknader til Difi si prosjektetableringsstøtte (CIP-ICT PSP).*

#### ***Hovudmål 4: Etablere og drive ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor***

Det er eit mål at det skal finnast ein robust og framtidsretta infrastruktur for eID som gjer det mogleg for innbyggjarane å logge seg på offentlege tenester med same elektroniske identifikasjon, uavhengig av kor tenestene kjem frå. Difi har ansvar for å få denne infrastrukturen på plass.

##### Prioriterte oppgåver i 2010:

- a) drive og vidareutvikle infrastrukturen, mellom anna implementering av eID frå marknaden, distribusjon av felles eID på nivå 3 (Min ID) og drift av ID-porten (samtrafikknavet).
- b) implementere ei løysning for signering i ID-porten, som kan brukast med ulike eID på sikkerheitsnivå 4.
- c) gi innbyggjarar og næringsliv hjelp i bruk av eID
- d) gi råd og tilby tiltak i innføring av eID til offentlege etatar som tilbyr tenester på nett til innbyggjarane eller næringslivet
- e) i samarbeid med Politidirektoratet etablere og forvalte ei teneste for å utferdige nasjonal eID som skal nyttast på nasjonalt ID-kort.

*Styringsparametrar hovudmål 4: eID på nivå 3 (MinID) tatt i bruk som eineløysing i Skatteetaten og andre aktuelle etatar. Versjon 2 av ID-porten i drift med oppgradert MinID samt aktuelle eID frå marknaden som oppfyller offentlege krav til tryggleik, og teken i bruk av aktuelle etatar og kommunar. Ny felles kravspesifikasjon for eID nivå 3 publisert.*

#### ***Hovudmål 5: Samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp***

Det er eit mål at offentlege innkjøp vert organiserte og gjennomførte ryddig og samfunnsstenleg og i samsvar med regelverket om offentlege innkjøp. Direktoratet for forvaltning og IKT skal medvirke til dette gjennom å gi tilbod om opplæring, styrke nettverk, utvikle og tilby støtteverktøy og auke bruken av e-handel på området offentlege innkjøp. Direktoratet skal særleg fremme innføring og utvikling av elektroniske løysingar og auke bruken av e-handel blant offentlege oppdragsgivarar i tråd med føringane for dei auka løyvingane. For å auke bruken av e-handel blant offentlege oppdragsgivarar og leverandørar, legg departementet opp til at dette feltet skal ha høg prioritet over ein femårsperiode.

Direktoratet skal følgje opp regjeringa sin handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp i samsvar med oppdrag frå Miljøverndepartementet og Barne- og



likestillingsdepartementet. Direktoratet skal arbeide for at miljøbelastninga ved offentlege innkjøp vert minst mogleg.

### Prioriterte oppgåver i 2010:

#### *Opplæring*

- a) utvikle tilbod som kan hjelpe leiarar å organisere og styre innkjøpsområdet på ein god og formålstenleg måte, og sjå til at statlege verksemder har tilbod om kurs og rettleiing i innkjøp tilpassa ulike innkjøpsoppgåver og nivå. Difi skal greie ut korleis ei sertifiseringsordning for innkjøparar kan innrettast, og utvikle tilbod om rettleiing til statlege verksemder om korleis intern kontroll kan brukast på innkjøpsområdet. Difi skal innan juni 2010 ha gjort ei evaluering av dagens modell for kurstilbod med forslag om vidare innretting.

#### *Nettverk og støtteverktøy*

- b) gjennomføre tiltak for å utvikle og styrke nettverk av innkjøparar og med det auke gjensidig utveksling av kompetanse, erfaring og verktøy
- c) vidareutvikle tilbodet på kunnskapsportalen [anskaffelser.no](http://anskaffelser.no) og marknadsplassen Ehandel.no i samråd med brukarane og deira behov. Difi skal innan utgangen av mars 2010 utarbeide og gjere tilgjengeleg ei rettleiing som gir ei kort innføring i regelverket.
- d) forvalte avtala om drift og utvikling av kunngjeringsdatabasen Doffin, og lage statistikk om offentlege innkjøp i tråd med dei internasjonale krava som WTO og EØS-avtalen sett for Noreg. Difi skal greie ut korleis Doffin kan vidareutviklast for å betre datagrunnlaget om offentlege innkjøp, og legge fram forslag til departementet innan utgangen av 2010.

#### *Elektronisk handel*

- e) gjere Ehandel.no meir tilgjengeleg og få til auka utbreiing og bruk, mellom anna ved større grad av sentralfinansiering av tilgang og bruk av ny e-handelsplattform. Difi skal gi departementet ei orientering om framdrift i gjennomføringa av tiltaket med sentralfinansiering. Dette skal gjerast innan utgangen av mars 2010.
- f) starte arbeidet med å etablere eit elektronisk leverandørregister (etter nærare avklaringar med departementet)
- g) lage kravspesifikasjonar, standard tenesteavtalar, rammeavtale for mottakstenester og etablere ein eigen webfaktura-portal for verksemder som ikkje har eigne løysingar for dette for å førebu innføringa av elektronisk faktura i staten. Difi skal forvalte obligatorisk standard for elektronisk faktura, tufta på NESUBL.
- h) leie og ta del i PEPPOL-prosjektet som legg til rette for offentlege innkjøp på tvers av landegrensar i tråd med avtale med EU. Difi skal sjå til at deltakinga i PEPPOL-prosjektet får synergjar til Difi sitt anna arbeid, og gi ei vurdering av prosjektets plass og betydning for Difi sin portefølje i halv- og årsrapporteringa.

*Styringsparameter hovudmål 5 punkt e: Tal på brukarar, transaksjonar og pengevolum på e-handelsplattforma.*

### 3.2 Styringsparameter

Departementet er oppteke av å utvikle styringsparametrar for Difi som er godt egna til å måle resultatata til direktoratet og om måla er nådde. FAD ønskjer difor styringsparametrar som målar effektar av Difi sitt arbeid hos brukarane og, så langt som råd er, også i samfunnet. Departementet ser det som viktig at direktoratet gjer ferdig sitt nye styringssystem slik at styringsparametrar kan takast i bruk i vurderinga av om direktoratet når måla. I samband med årsrapporteringa for 2009 ønskjer departementet på det første etatsstyringsmøtet å diskutere korleis vi kan utvikle styringsparametrane for 2010 vidare. Eit sett av styringsparametrar er meint å vere faste over tid og gi grunnlag for å sjå resultatata av Difi sitt arbeid samt følgje utviklinga over fleire år. Inntil vidare er følgjande styringsparametrar fastsette:

- Jamlege målingar som Difi gjer av kor tilfredse departement, etatar mv er med verksemda til Difi
  - kjennskap til overordna strategiar (til dømes fellesprinsippa og felleskrava på IKT-området, staten sin kommunikasjonspolitikk, leiarplattforma)
  - kjennskap til Difi sine tilbod om å gi råd, opplæring, rettleiarar, temahefte, konferansar, nettsider m.m.
  - bruk av Difi sine tilbod m.m.
  - velnøye med Difi sine tilbod m.m.
- Evalueringar frå kurs, konferansar, seminar, program
  - velnøye med arrangementet
  - fagleg innhald
  - formidling
  - nytte
- Tilbakemeldingar frå oppdragsgivarar
  - kvaliteten på arbeidet
  - relevansen av råda
  - nytte, framdrift m.m.
- Årlege møte med departementa
  - kjennskap til Difi sine tilbod
  - bruk, nytte og ønske framover
- Indikatorar for intern effektivitet
  - tidsbruk på hovudoppgåver og intern administrasjon
  - medarbeidarundersøkingar
- Økonomi
  - samsvar budsjett, budsjettprognosar og rekneskap
- Formidling
  - Merksemd i det offentlege ordskiftet

FAD har også lagt fast styringsparametrar for dei einskilde hovudmåla.

## **4. Rapportering i 2010**

### **4.1 Årsrapport 2010**

Difi skal rapportere skriftleg om arbeidet to gonger i året. Utgangspunktet for rapporteringa er økonomireglementet for staten §§ 9 og 11 og dette tildelingsbrevet. Fristen for levering av årsrapporten til departementet er 28. februar 2011. Årsrapporten skal òg sendast Riksrevisjonen i elektronisk form.

I årsrapporten skal Difi leggje vekt på vurderingar av verknader og måloppnåing framfor reine aktivitetsskildringar. Vurderingane skal byggje på analysar som synleggjer resultatane av aktivitetane og prioriteringane, mellom anna samanhangen mellom ressursbruk og resultat. Årsrapporten skal òg gi departementet eit godt grunnlag for å vurdere arbeidet i direktoratet etter gjennomførte brukarundersøkingar og dei styringsparametrane som er sette. Direktoratet bør, så langt det gir mening, gi kvantitative framstillingar av utviklinga. I tillegg inneber nokre av dei administrative føringane rapporteringsplikt.

### **4.2 Rapportering gjennom året**

I halvårsrapporten for 2010 skal Difi rapportere om eventuelle avvik frå måloppnåing. Rapporten skal innehalde avvika og omtale tiltak som er sette i verk for å rette opp desse. Halvårsrapporten skal vere departementet i hende før 15. august 2010. Risikovurderingar på overordna nivå skal følgje halvårsrapporten som vedlegg, jf. omtale under pkt. 2.3.

Arbeidet med offentleg infrastruktur for eID i offentleg sektor er eit spesielt og komplekst prosjekt òg i 2010. Departementet vil trenge særleg rapportering mellom anna om framdrift på dette. Den særskilte rapporteringa skjer gjennom Difis jamlege kontaktmøte med FAD og den interdepartementale kontraktgruppa for eID.

### **4.3 Økonomirapportering**

Difi skal utarbeide økonomirapportar per 31. mars 2010, per 30. juni 2010 og per 30. september 2010. Rapportane skal, på postnivå, vise disponibel løyving, eventuelle omdisponeringar, rekneskap per dato og venta forbruk i 2010. Rapportane skal òg omfatte tildelte midlar på "framand kapittel" dvs belastningsfullmaktar.

## 5. Administrative føresetnader mv.

### 5.1 Budsjettfullmakter

I vedlegg 1 omtalar vi to typar budsjettfullmakter: Først fullmakter som må delegerast for kvart budsjettår, og som med dette vert delegerte, jf. pkt. A. Etter dette fullmakter som er delegerte Finansdepartementet og som verksemdene må søkje Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt tilfelle.

### 5.2 Administrative føringar

#### 5.2.1 Brukarundersøkingar

Alle statlege etatar skal regelmessig gjennomføre brukarundersøkingar. Resultata av dei skal vere offentlege. Brukarundersøkingar vil vere viktige som grunnlag for å vurdere om direktoratet når måla.

#### *Rapportering:*

Difi skal i årsrapporten melde tilbake om dei har gjennomført brukarundersøkingar og gjort dei offentleg tilgjengelege.

#### 5.2.2 Kjøp og utvikling av IKT-løysingar

For å sikre meir heilskap og samanheng ved kjøp og utvikling av nye IKT-løysingar og ved vesentleg endring av eksisterande system, skal statlege verksemder følgje retningslinene i rundskriv P4/2009.

#### *Rapportering:*

Difi skal melde i årsrapporten korleis punkt 4c i rundskrivet er følgt opp.

#### 5.2.3 Miljøtiltak

Regjeringa la sommaren 2007 fram handlingsplan 2007-2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Planen inneheld ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp der det vert stilt krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper. Statlege verksemder må sjølve syte for å følgje opp miljøpolitikken og inkludere han i det interne styringssystemet.

#### *Rapportering:*

Difi skal i årsrapporten melde om:

- Korleis handlingsplanen er følgd opp i verksemda
- Korleis følgjande indikatorar er følgde opp:
  - Avfall
  - Transport
  - Energi
  - Innkjøp

#### 5.2.4 Likestilling – aktivitets- og rapporteringsplikta

Det følger av §1 a i likestillingslova at offentlege styresmakter skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling på alle samfunnsområde (aktivitetsplikta). Likestillingslova § 1 a inneheld eit krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemdar om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling mellom kjønna internt i verksemda (utgreiingsplikta). Her skal ein òg ta med planlagde tiltak for å fremje likestilling, saman med dei tiltaka som verksemda allereie har sett i verk. Alle offentlege verksemdar har pålegg om å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling både som arbeidsgivar og som myndigheitsutøvar, jf. likestillingslova. § 1. Aktivitetsplikta inneber eit pålegg om å vurdere "kjønnsrelevansen" internt i organisasjonen og innafor dei aktuelle fag- og politikkområda med sikte på ei oppsummering av status samt oversikt over planlagde tiltak.

##### *Rapportering:*

Det følger av likestillingslova § 1 at verksemdene skal rapportere om "likestillingsstatusen" og føre opp allereie gjennomførde, pågåande og planlagde tiltak. Denne rapporten skal inngå i årsrapporten.

#### 5.2.5 Integrering og mangfald

Den 1.1.2009 vart den nye aktivitets- og rapporteringsplikta i diskrimineringslova sett i verk, jf § 3 i lova. Lova pålegg arbeidsgivarar i privat og i offentlig sektor å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje formålet i lova. Aktivitetsplikta omfattar mellom anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremming, høve til utvikling og tryggleik mot trakassering.

##### *Rapportering:*

Difi skal i årsrapporten gjere greie for kva for tiltak som er sette i verk og tiltak som vert planlagde for å fremje formåla for lova.

## 6. BUDSJETTILDELING

### 6.1 Budsjettvedtak

Statsbudsjettet for 2010 for kap. 1560 og kap. 4560 Direktoratet for forvaltning og IKT vart vedteke av Stortinget 10.12. 2009, jf. Innst. 13 S. (2009-2010).

Direktoratet får tildelt:

**Kap. 1560 Direktoratet for forvaltning og IKT**  
**KPAL**

*(i 1 000 kr)*

<i>Post</i>	<i>Nemning</i>	<i>Beløp</i>
01	Driftsutgifter	157 714
21	Spesielle driftsutgifter, kan overførast	44 978
23	Elektronisk ID, kan overførast	60 960
<i>Sum kap. 1521</i>		<i>263 652</i>

**Kap. 4560 Direktoratet for forvaltning og IKT**  
**KPA**  
**L**

*(i 1 000 kr)*

<i>Post</i>	<i>Nemning</i>	<i>Beløp</i>
01	Sal av informasjonstenester	
02	Andre inntekter	
03	Diverse inntekter	9 268
04	Internasjonale oppdrag	3 096
<i>Sum kap. 4521</i>		<i>12 364</i>

### 6.2 Budsjettmessige føresetnader

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet understrekar direktoratet sitt ansvar for å planlegge verksemda i 2010 slik at Difi kan nå måla innafor rammene av løyvingane i dette brevet, jf. Reglementet for økonomistyring i staten § 4. Dersom det oppstår problem med økonomistyringa, må Difi setje i verk tiltak slik at det ikkje trengst å auke løyvinga. Departementet understrekar samstundes at direktoratet ikkje må pådra seg utgifter utan at det er budsjettmessig dekning for dei.

Difi skal informere departementet om vesentlege avvik i vedtekne planar eller tildelingsbrev straks verksemda får kjennskap til slike avvik. Verksemda skal vidare legge fram forslag om moglege korrigerande tiltak.

Departementet legg stor vekt på at Difi sine innkjøp skjer i tråd med regelverket for innkjøp.

Etatens vidare arbeid med utvikling av eID under kap.1560 post 23 vil stille store krav også til økonomistyringa. Departementet understrekar at utgiftene i dette prosjektet må styrast stramt, og at direktoratet innfører rapporteringsordningar som raskt avdekkjer eventuelle avvik.

Difi har i 2009 handsama ordninga på kap. 1523 post 70 Tilskott til kompetanseutvikling. Så snart Finansdepartementet har godkjent overføringa av ubrukt løyving frå 2009 til 2010, vil Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet tildele dei gjenståande midlane i supplerande tildelingsbrev.

### **6.3 Tildeling**

I det vi syner til det som er nemnt over og til Reglement for økonomistyring i staten § 7, melder Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet at Direktoratet for forvaltning og IKT i 2009 får tildelt og får høve til å disponere dei løyvingane som er omtalte i pkt. 6.1.

Med helsing



Rigmor Aasrud





## Budsjettfullmakter og administrative fullmakter

Vi viser til rettleiar for statleg budsjettarbeid utgjeven av Finansdepartementet, jf. R-0534 B, som forklarar budsjettfullmaktene nærare. Bevilgningsreglementet har fleire bestemmingar som gjer Kongen fullmakt til å fastsetja unntak frå dei hovudprinsippa som reglementet elles er basert på. Reviderte vilkår for bruk av unntaksbestemmingane er gjevne ved kgl.res. 2. desember 2005 og gjorde greie for i Finansdepartementets rundskriv R-110/ 2005 av 5. desember 2005. Nedanfor er to typar budsjettfullmakter omtalte: Fyrst fullmakter som må delegerast for kvart budsjettår, jf pkt. A. Deretter fullmakter som er delegerte Finansdepartementet og som Direktoratet for forvaltning og IKT må søkje Fornyings- og administrasjonsdepartementet om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt tilfelle, jf punkt B. I tillegg omtaler det administrative fullmakter, jf pkt. C.

### A. Budsjettfullmakter som må delegerast kvart år

#### *Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr*

Fullmakta gjeld høve til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr løyvt over kap. 1560, postane 01 og 21 med inntil fem prosent av løyvinga, når dette er ledd i ein rutinemessig fornyingsprosess, jf Løyvingsreglementet § 3 fjerde ledd og Finansdepartementets rundskriv R-110/2005, pkt. 2.2. Salsinntektene skal først til kreditt på underpost 01-21/underpost 21-21, slik at det er mogleg å kontrollere at grensa på fem prosent ikkje vert overskriden.

#### *Fullmakt til å overskride driftsløyvinga på kap. 1560 post 01 mot tilsvarande meirinntekter*

Fullmakta gjeld løyve til å overskride driftsløyvinga på kap. 1560, post 01 med inntil to prosent av løyvinga på posten mot tilsvarande meirinntekt på kap. 4560, postane 02, 03 og 04, jf løyvingsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 1 og Finansdepartementets rundskriv R-110, pkt. 2.4.

Den inntektsfinansierte aktiviteten må liggje innanfor det som er verksemdenes mål, oppgåver og rammevilkår, og ikkje skape bindingar til å oppretthalde eit høgare aktivitetsnivå enn det som vert dekt av utgiftsløyvinga dersom meirinntekta fell bort. Meirinntekter i form av lønsrefusjonar frå andre statlege verksemdar, jf inntektspostane 15-18, gir grunnlag for overskriding utan særskilt samtykke, og utan å vere bundne av gjevne grenser.

#### *Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret*

Fullmakta gjeld høve til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret 2008, som gjeld den ordinære verksemda i interimorganisasjonen, jf Løyvingsreglementet § 6 andre ledd og Finansdepartementets rundskriv R -

110/2005, pkt. 2.3. Dei utgiftene ein har hatt i tilknytning til avtalen må kunne dekkjast innanfor eit uendra løyvningsnivå på vedkommande budsjettpost i heile avtaleperioden, og oppseiingsklausular skal om nødvendig innarbeidast i avtalen.

## **B. Budsjettfullmakt som er delegert Finansdepartementet og som direktoratet må søkje Fornyings- og administrasjonsdepartementet om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt høve**

*Overføring av ubrukt driftsløyving frå et år til neste*

Departementet vil i eige brev be om forslag til beløp som direktoratet ynskjer å overføre.

*Overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i dei tre fylgjande budsjettår*

Hovudregelen i bevilgningsreglementet § 5 andre leddet første setning at det ikkje er høve til å overskride ei utgiftsløyving. Etter bevilgningsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 3 kan likevel Kongen gi bestemningar om overskriding av driftsløyvingar med inntil fem prosent til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i løpet av de tre fylgjande budsjettår. Med heimel i kongeleg resolusjon av 2. desember 2005, får departementa fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål på fylgjande vilkår:

- i) Postane 01 Driftsutgifter og 21 Spesielle driftsutgifter, kan overskridast med inntil 5 prosent til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i løpet av de tre fylgjande budsjettår.
- ii) Innsparinga må utgjøre minst en tredel av overskridinga i fyrste påføljande budsjettår og minst to tredeler av samla overskriding ved utløpet av andre budsjettår. Innsparinga må skje under dei driftspostane som vart overskrida.
- iii) Overskridinga må gå til dekning av utstyrsanskaffingar eller bygningsmessige arbeid.

## **C. Administrative fullmakter**

*Fullmakt til å yte erstatning for skade/tap av private egedelar*

Fullmakta gjeld rett til å yte erstatning for inntil 20 000 kroner dekte innanfor verksemda sitt eige budsjett for skade eller tap av private egedelar i samband med tenesta ved tjuveri, innbrot, naturskade, brann o l. Erstatninga må ytast i samsvar med retningslinjene i Personalhandboka

*Fullmakt til å gi løyve til utdanningspermisjon med lønn i inntil eitt år*

Fullmakta gjeld rett til å avgjere kven i verksemda som skal få løyve til utdanningspermisjon med løn i inntil eitt år innanfor verksemda sitt eige budsjett. Løyvet må givast i samsvar med retningslinjene i Personalhandboka.

## Styringskalender 2010

Månad	Aktivitet	Dato
januar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innspel til budsjettarbeidet 2011</li> <li>- Departementsrådets møte med Difi</li> <li>- Søknad om overføring av ubrukt løyving frå 2009 til 2010</li> </ul>	9. januar 2010 15. januar medio januar
februar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Forklaringar til statsrekneskapen</li> <li>- Årsrapport for 2009 til FAD</li> <li>-</li> </ul>	primo februar ultimo februar
mars	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innspel til budsjettrevisjonen våren 2010</li> <li>- Etatsstyringsmøte nr. 1 (gjennomgang av årsrapporten 2009)</li> <li>- Kontraktssamtale mellom departementsråden og direktøren i Difi</li> </ul>	medio mars ultimo mars  mars
april	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Referat frå møtet om årsrapporten.</li> <li>- Utsending av førebels budsjetttrammer for 2011 etter rammekonferansen</li> </ul>	april  ultimo april
mai	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte med Difi om tekster til Prop S og tildelingsbrev 2011</li> <li>- Innspel til budsjett 2011 – rammefordelingskonferansen</li> </ul>	primo mai  ultimo mai
juni		
juli		
august	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innspel til tekst til Prop. 1 S</li> <li>- Halvårsrapport</li> </ul>	primo august medio august
september	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etatsstyringsmøte nr. 2, halvårsrapport, og budsjettstatus</li> <li>Felles ledermøte</li> </ul>	medio september  medio september
oktober	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Regjeringa fremmar Prop. 1 S (2010-2011) for Stortinget</li> <li>- Innspel til Nysaldering av budsjettet 2010</li> </ul>	primo oktober  medio oktober
november	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etatsstyringsmøte nr 3 (Tildelingsbrev 2011, strategi mv)</li> <li>- Tekniske retningslinjer for arbeidet med statsbudsjettet 2012 (Budsjettskrivet for 2011)</li> <li>- Framlegg til budsjett 2012 frå Difi</li> </ul>	primo november  ultimo november  ultimo november
desember	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tildelingsbrev 2011 til Difi</li> </ul>	desember/januar